




Marit Eikemo, tekst.
Eirik Brekke og Oddleiv Apneseth, fotografi.
Det norske Samlaget, 1999.

Her, no

Marit Eikemo er frilansjournalist. I 1999 ga Det norske Samlaget ut boka «Her, no» som inneheld Marit Eikemo sine skildringar av 19 møte med ungdommar, dei fleste frå Vestlandet. Boka er illustrert med svart-kvitt fotografi tekne av fotografane Eirik Brekke og Oddleiv Apneseth. «Her, no» er ei sjeldent god bok. Tekstene er sjølvsikre, sjølvkritiske, skjelvande, stolte og såre – og heile tida på ungdommane sine eigne premiss. Fotografia er unike. Dei kjem så nær, så nær, men blir aldri utleverande. Boka er og veldig morosam utan å bli moteprega ironisk. Eg har testa henne ut på mine eigne (kritiske) tenåringar, og dei er samde med mor si for ein gongs skuld.

Eg las eit intervju med Marit Eikemo i samband med utgjevinga av boka. Ho sa noko slikt som at «ungdom blir ofte sett inn i eit trendbilete som dei knapt kjenner seg att i». Det ho har greid gjennom sine skildringar av vanleg norsk ungdom er å syne kor forskjellige dei (sjølv sagt!) er. Me møter industriarbeidaren Jonny som ser optimistisk på 40 arbeidsår på samme bedrift, lengtande ungjenter som drøymmer om finare gitar og betre diskotek enn i heimbygda, bygutten Kim som teikner, røykjer hasj og er prinsippielt opptatt av å prøve ut grenser.

Utposten vil takke Marit Eikemo og Eirik Brekke (som har teke fotografia som me har nytta her) for at me får trykke eit utdrag frå «Her, no». Me vil og takke Det norske Samlaget for ubyråkratisk velvilje. Til gjengjeld vil me oppmode alle som kjem i kontakt med unge menneske i arbeidet sitt eller som er opptekne av korleis ungdom har det eller som rett og slett likar gode tekster og fine bilete: Kjøp boka (og gje henne i gåve til neste konfirmant i familien...)

Elisabeth Swensen

Livet er

Den største aktiviteten i Ålvik er tungtrafikken som dundrar forbi. Bilar på veg til ein annan stad enn Ålvik. Like før sentrum står eit skilt som viser kilometeravstanden til Oslo, Kvanndal og Granvin. Kjør berre vidare, seier skiltet. Men dersom ein likevel stoppar ein sein ettermiddag, blir ein møtt av den einaste gjesten på den einaste kafeen. Han ser på deg og spør: «Kven er du?»

Det er ingen som ventar at nokon skal stoppe i Ålvik. Berre dei som er fødte her må opphalde seg på staden frå ei tid til ei anna. Frå barndom til vaksen. Til dei er gamle nok til å velje sjølv.

– Når eg blir vaksen, vil eg bu på Voss eller i Stavanger. Kanskje Bergen, eller kanskje Oslo... Nei forresten, ikkje Oslo, der ville eg følt meg som ein bondeknøl, seier Kari Helen. Ho tar seg i det og blir brydd.

Det er ikkje så verst her heller, i følgje femtenåringane. På skulen er det ingen som blir mobba, det er trygt og godt, seier dei. Det er trygt og godt. Og kaldt. Dei sit og hakkar tenner på ein benk i eit skur, klynger seg saman og knepper jakkene tett rundt seg. Om nokre år skal dei gjere noko anna. I mellomtida sit dei på denne benken i dette skuret og ventar på at tida skal gå. Dei ventar på betre tider. Dei ventar på sommaren då det ikkje lenger er



ein annan stad



så kaldt, dei ventar på den dagen dei skal få seg ein kjæraste – og på den dagen dei skal reise frå fucking Ålvik. Men kva med no? Kva med denne tida som er no?

– Skal de vere med oss på u-klubben? spør Åshild. Anna-kvar fredag er det ungdomsklubb i Ålvik. Alle skal dit. Åshild òg, men ho er noko brydd:

– De vil ikkje tru at det er eit diskotek. Det er berre nokre lypærar som heng der og blenker, seier ho.

I Øystese har dei skikkeleg diskotek. I Ålvik er det berre nokre lypærar, og tre foreldre som sit vakt ved inngangen og slepper inn ungar heilt ned i tolvårsalderen.

– Kor kjekt er det å gå på diskotek med tolvåringar, seier Åshild.

– Eg skal snart flytte til Fykkesund. Der er det kjedelig, seier Sara.

Ålvik er bra, Fykkesund er drit. Det er alltid noko som er verre. Liksom det alltid er noko som er «in» og noko anna som er «ut».

– Skal du ikkje spele Cher-songen, «Believe»?

– Den er ut no, altfor gammal, seier DJ Cato bestemt. I staden spelar han temasongen til Ally McBeal, og får danse-golv til å koke: «I know something about love», syng dei og dansar seg sveitte i ei lang, lang rekke. Ein underleg dans. Er det Ålvik-dansen?

– Nei, det er reinlender.

Iselin og Anita og Åshild og dei går kvilelaust inn og ut. Dei dansar eit par dansar og så er det rett ut igjen. Når dei for ein gongs skuld får vere innomhus, går dei likevel ut. Dei set seg beint ned i snøen og ventar på noko ubestemmeleg, noko som plutselig kan dukke opp og snu alt på hovudet.

– Det stod i lokalavisa at Ålvik er ein død plass, seier Iselin tørt.

– Det er ikkje sant, seier dei andre i protest. Det var Magnus som sa det, at Ålvik var ein død plass. Magnus, som flytta hit frå Os for halvanna år sidan med skateboard-interessene sine og bukser langt nede på knea. Magnus som bur på Flåten, langt frå alle dei andre. Altfor langt unna til at nokon besøker han. Sjølv er han sjeldan i Ålvik om kveldane. Det



går ikkje buss, og han er for ung til å køyre moped. Han reiser heller til Odda eller Os enn å gå på u-klubb i Ålvik. Skulekameratane har vore litt sure på han for oppslaget i lokalavisa, men Magnus held på sitt. Han har trass alt sett noko som er større. Han har budd i Os.

– *Kva er det som er så gale med Ålvik?*

– Kva faen trur du? seier Magnus.

Det er handarbeidstime på skulen og han sit over veven.

– Kor ville du elles budd?

– Veit da faen, vekk herifrå... Vil de vere med meg heim, forresten? Vi bur langt faen inni skogen heilt åleine i eit jævlig svært hus. Bli med meg heim og få ein kopp kaffi! Det er ei perle av ein plass, seier han entusiastisk og tøffare enn toget. Tøffe gutar vever ikkje. Denne meingslause aktiviteten som elevar til alle tider må lære seg. Jarle og Daniel kan godt leve med litt veving dersom dei får spele knallhard techno i timen. Det er ikkje godt nok for Magnus.

– *Må vi veve då?* seier han oppgitt til lærarinna.

Irene Tveiten og Cato har tatt til å halde kvarandre i hendene i løpet av eit døgn. Det skjedde i går, det veit alle. Irene hadde hjulpet Cato å vaske mopeden hans som vanleg, då det plutsleg skjedde. Over den skinnande reine mopeden hadde dei kyssa kvarandre. Då var det gjort.

– Vi har venta på det lenge, seier dei andre.

– Har han sett rommet ditt, Irene?

– Nei, kviskrar Irene og ser ned. Den vesle handa hennar i hans, så rykane fersk er kjærleiken at han ikkje eingong har sett rommet hennar.

På eit anna rom er det andre gutar som blir diskutert. Heime hos Kari Helen – med Prodigy som vitne på veggen.

– Ho har utruleg spesiell musikksmak, forklarar Guro.

Det gjekk ikkje så bra med romansane deira frå nabobygda. Han som Guro likte, likte ikkje Guro og han som likte Kari Helen, var ikkje bra nok for Kari Helen.

– Eg trur alle gutane derifrå har hamna i tørketrommelen, så små er dei, seier Guro.

– Det er du som er høg, seier Kari Helen.

– Det kan vel ikkje eg noko for, seier Guro.




– *Er det ikkje så lett å finne nokon i Ålvik?*

– Hmm. Det er mange fine gutar her òg, altså, men alle får vite det dersom du er forelska i nokon. Eg var lenge forelska i ein gut, men då eg skreiv det i skuledagboka mi, fekk heile skulen pluteleg vite det, seier Guro.

– *Det blei aldri de to?*

– Nei, han likte ikkje meg.

Snart er det kveld. Ålvik sine 14-, 15- og 16-åringar skal trekke opp til skuret på skuleplassen og sette seg på benken der. Berre Magnus vil helst til Odda eller Os. Kanskje kor som helst, eigentleg. Berre det ikkje er fucking Ålvik.



– Magnus blir kjempeglad om de besøker han. Han får aldri besøk der ute, seier Kari Helen. Heime hos Magnus fortel han at han snart skal male rommet sitt i raudt, blått, grønt, gult og lilla.

– Får du lov til det?

– Ja, herregud, eg må tross alt bu i Ålvik.

Ein annan ting Magnus får lov til, er å male huset. Han har fått lov å male eit kjempestort yin-og-yang-merke på mønet, som vender mot fjorden. Det skulle berre mangle. Han må tros alt bu i Ålvik.

– Kva gjer du her om kveldane?

– Eg høgg ved.

Dei har fått internett, men han er ikkje interessert. Er det på nettet livet skal levast, kanskje? Kanne det i det minste bli sommar, så skulle han spent på seg vannskia og trossa kvar minste bølge i fjorden der, han skulle ha seira over kvart minste element på denne daue plassen, han skulle stått som ein konge med ei sky av havsprut etter seg og trossa den jævla fabrikkjen og dei høge fjella. Men det er lenge til sommaren kjem til Ålvik, det er lenge til alt.

– Eg har lyst å bli perledykkar i Karibien, seier Magnus. Utan å ta seg i det, utan å bli brydd. Det er ein stor draum å ha på ein liten plass.

– Ting funkar for så vidt no. Eg lever på luft og kjærleik, seier han plutsleg nøgd. Etter å ha vore forelska i same jente i over eit år, har det endeleg begynt å funke. Så gale er ikkje Ålvik, at det ikkje finst fine jenter her. Så bra er heller ikkje Ålvik, at det er verdt å sitte i skuret heile kvelden.

– Kan eg få reise til Os i helga? spør Magnus når mor hans kjem frå jobb.

– Nei.

– Kan eg ikkje få lov då?

– Nei.